


Nedlegginga av bygdeskular utgjør ei taus men omfattande

Smått – ikkje



Karl Johan Solstad og Rune Kvalsund
MED ANDRE ORD

Tidleg på 1970-talet kom det ei bok med tittelen «Small is Beautiful: Economics As If People Mattered». Ein sentral tanke i boka var at småskala, desentraliserte økonomiar og maktstrukturar kunne vere effektive på same tid som omsynet til enkelmennesket blei sikra. Vi hadde EF-valet i 1972, der skepsis i periferien mot enda sterkare fjernstyring slo avgjerande ut. Og vi fekk Hitta-opprøret i jordbrukssektoren, bygd på «moteeksportisen» – på at folkeleg vett og forstand kunne vere vel så påtreleg som sentrale ekspertar.

I skulesektoren var dette tida for reversering av sentraliseringspolitikken. Omfattande forskning hadde da, stikk i strid med det fagfolk, byråkratar og politikarar meinte å vite, ikkje kunna dokumentere dårlegare skulefagleg framgang for elevar i små skular og aldersblanda klasser enn for elevar i større skular. Dei små var minst på høgd med dei store.

Seinare, på 1980- og 1990-talet, er andre sider ved elevane tatt opp i forskinga – som deira sosiale, fysiske og motoriske utvikling gjennom kontakt mellom heim og skule, og skulen sin plass i det lokale miljøet. Konklusjonen er at dei mindre skulane som ligg nær der elevane faktisk bur, gir klare fordelar for disse elevane og samfunna

«For bygdesamfunna betyr skulenedlegging tap av ein viktig samfunnsinstitusjon»

Fråntfor større skular som ligg langt unna. Det britiske Office for Standards in Education (Ofsted) konkluderte slik i 1995: «På eit breitt spekter av samanhendingar som gjeld kvaliteten på det pedago-

FAKTA

Dette er saka:

- Ein ekspert for utdanningsdirektoratet etter Skarheim har ved tre høve skrivt om at små skular er ein viktig institusjon i samfunnet.
- Skulelærar ser småskulene som eit trugsmål mot læringserbeidet i skulen og mot dei ulike skuletilbodet, skriv forfattarane.
- Det skrivt i denne kritikken at sentraliseringsstrøveler på skulefeltet er gjevaldige, samstundes som det meiner empiriskbelegg.
- Dei viser til mellom anna til omfattaude nasjonal og internasjonal forsking som synar fordelar knytt til lokalt forankra lærerestadar.

Forfattarane:

- Karl Johan Solstad er seniorforskar ved Nordlandsforskningsinstituttet.
- Rune Kvalsund er professor ved Avdeling for Samfunnsfag og Historie, Høgskulen i Volda.

giske tilbodet, kom elevar ved små skular betre ut enn dei ved store» (små skular hadde her 20–100 elevar). I bøkene «Skolen og distrikt» (2006) og «Bygdeskolen i velferds-Noreg» (2009) er relevant nyare norsk og svensk forsking på dette området lagt fram. Eit spesialnummer av det velrenomnerte tidsskriftet International Journal of Educational Research gir oversyn over forsking om skule- og lokalsamfunn i fem nordeuropiske land. Desse tre forskingsoversynra viser at Osteds konklusjon står fast.

To profilerte pedagogar, Alfred Ofedal Teihaug og Thomas Nordahl, har frå midt på 1990-talet gått ut i norske media med tilforlatelige argument om at små skular ikkje er gode nok. Problemet var å finne empirisk deknning for disse påstandane. Rett nok hevda Thomas Nordahl i eit debattinnlegg i Hamar Arbeiderblad våren 2007 at hans forsking på skular i ein større

auslandskommune hadde vist svake sider ved små skular både fagleg og sosial læring. Men nærare inspeksjon av rapporten han bygde sine påstandar på, viste at den på ingen måte gav grunnlag for slike konklusjonar.

Arbeidet var då heller ikkje forankra i relevant forsking. Og grunnen til at dei «uheldige» sidene ved små skular ikkje slår ut i tilsvarende nedsett utbyte, korkje i Noreg eller i andre land, er at desse skulane også har fleire sterke sider som elevar og lærarar gjer seg nytte av: Samhandling mellom elevar på tvers av alder og kjønn, naturleg ansvarslæring, bette bruk av vaksenkontakt, bette bruk av nærmiljøet i undervisninga og tettare kontakt med føresette er dei viktigaste og best dokumenterte fordelane, blant anna i to norske doktorgradsavhandlingar (Kvalsund 1995, Berg-Olsen 2008).

Dette er skular der det ligg godt til rette for å utvikle «gagnlege og sjølvstendige menneske», slik formålsparagrafen i Oppplæringslova krev, og ikkje berre det nye nye instrumentelle prosjektet med elevar som skal bli skulefrikke i teoretiske fag og for nasjonale prøver. Internasjonalt er skule med danning av gagns menneske i nær slekt med ideane om den samfunnsaktive skulen, berokrattleg utdanning og det som blir kalla «place based education», sjå t.d. Gruenewald og Smith (2008), Jordev (2010).

Sist vinter kunne vi med ikkje liten undring registrere at direktøren for Utdanningsdirektoratet, Petter Skarheim, gjennom oppslag i Dagsavisen og på KS-konferansen for rådmenn og ordførarar slo fast at det no var dokumentert at små skular i små kommunar var eit trugsmål mot læringsarbeidet i skulen og mot det likeverdige skuletilbodet. Dokumentasjonen var rapporten «Prestasjonsforskjeller mellom skolar og kommuner: Analyse av nasjonale prøver 2008» publisert i januar 2010. Interessant nok kjem altså rapporten frå Senter for økonomisk forsking (SØF). La oss sjå litt nærare på denne dokumentasjonen.

SØF har gjort regresjonsanalyser av prøveresultat (avhengig variabel) som ein funksjon av ulike eigenskapar eller variablar som kan målast. Desse variablane er ifølgje rapporten forhold ved elevane sin bakgrunn (fars/mors utdanning, yrke og innkomst), ved skulen (skuletype, elevtal ved skulen/i klassen, tal jenter/gutar i klassen, lærars kjønn og utdanning) og ved skulestaden (fylke, kommunesortelk, og innleiktsnivå). I teorien vil det då vere slik at dersom alle viktige forhold som har innverknad på elevars prøveresultat kom med i oppsettet, ville vi kunne «forkla-



STOR GJENVIST: Byråkratar og politikarar ut til å tru at nedlegging av skular er ein fordel. Bilde frå Komagfjord skule i Finnmark, 1962.

re» heile, det vil seie 100 prosent av variasjonen. Dette oppnår vi sjeldan, først og fremst fordi det av praktiske og etiske omsyn ikkje er mulleg å «måle» presist nok alle viktige forhold. Til dømes inngår det ikkje data i denne studien om dei kausale to

skulereform, skriv Karl Jan Solstad og Rune Kvalsund.

Lenger er godt?



er og samanslåinger av små skular er eit pedagogisk gode i seg sjølv. Dette er lite framsynt, og har ikkje støtte i forskinga, skriv forfattarane.

Foto: Maserud / Aktuell / Scanpix

viktigaste forholda for å forklare skilnader i elevars faglege prestasjonar, nemleg om elevanes intellektuelle føresetnader og om kvaliteten på undervisninga. Rapporten seier at dei ikkje har data om åttend og samhandling (s. 8). Dermed vil påviste samangregjonsanalysane i SØF-rapporten, blir 10–20 prosent av

variasjonen i prøveresultat forklart av dei variablane som inngår. Altså er det aller meste uforklart, og det som blir forklart vil vere vanskeleg å forstå.

Eit anna viktig omgrep ved statistiske analysar er «statistisk signifikans». Grovt sagt tyder det at effekten av ein viss variabel, til dømes skulestorleik, er så stor at

han ikkje kan vere tilfeldig. Med mange variablar og stort tal einingar, som til dømes ein heil årsklasse elevar, vil substansielt uinteressante samanhengar mellom variablar kunne framstå som statistisk signifikante, og dermed bli tillagt vekt. Denne SØF-rapporten har fleire slike funn, dels motstridande, dels beint fram urimelege og iallfall

substansielt ikkje-signifikante – og derfor heller ikkje interessante. Då er det svært uheldig om direktøren for Utdanningsdirektoratet, med den autoritet som stillinga gir, på grunnlag av forskning som dette, skremmer foreldre med at små skular – og små kommunar som han også har gått til felts mot – er ein risiko for læring hos elevane og dermed for delra framtid. På same tid gir han også rådmenn, ordførarar og kommunestyre det «saklege» argumentet som dei treng for sine mange vedtak om skulenedlegging av budsjettomsyn som vi har vore vitne til etter innføring av nytt inntektsystem i1986. Vi ser også konturane av ei ny byråkrattrolle – den politisk handlande byråkraten – og det er uheldig, også ved at det aukar sentraliseringspresset vesentleg.

Del som blir skadelidande, vil for det første vere elevar som må låte lange reiser til og frå skulen med dei følger det får for tap av fritid og for fysisk utvikling og velvære. For bygdesamfunna betyr skulenedlegging tap av ein viktig samfunnsinstitusjon og av viktige arbeidsplassar. På lengre sikt vil stader utan barnehage og grunnskule konkurrere dårleg om ny arbeidskraft. Dermed trugar skulenedleggingar politisk viktige mål om at heile landet skal leve og at stadbundne ressursar i størst mulig grad skal utnyttast, slik Stortingssmelding nr. 21 (2005-2006): Hjarta for heile landet ønskjer å legge til rette for gjennom berikrte lokale samfunn. Det ikkje å utnytte stader og regionar rundt om i landet, er ei omfattande nasjonal ressurs-sløsning – men dette kjem ikkje fram i den kommunale nyttekostnads-rekneskapen.

Sentraliseringsstrevet på skulefeltet er gammalt tankegods, oftest utan forankring i forskning og i strid med folkeviljen i dei fleste lokalsamfunn som blir offer. Likevel skjer det – igjen og igjen. Liknande tendensar ser vi innan andre offentlege sektorar som helse, politi og innan primærnæringsane. Sentraliserings sakene blir oppfatta som fråkopla småprosjekt i lokalmokratiet som autonomtisk vil gi stordriftsvinst – altså inga stor sak som har med nasjonen å gjere. I realiteten er likevel dette kanskje den største reforma av den norske skulen på mange tiår også når det gjeld pedagogisk innhald, men ho blir underkommunisert og har ikkje status som reform. Kanskje eit folkeleg namn kunne vere – Kunnskapsløftebrotet?

Karl Johan Solstad og
Rune Kvalsund